

INTERN TOKTRAPPORT - MERKING NORSK VÅRGYTENDE SILD

Fartøy: M/S "Inger Hildur", M-100-F
Tidsrom: 2. april - 2. mai 1997
Personell: J.H. Nilsen, J. Røttingen og B.V. Svendsen
Føremål: Merking, kartlegging og prøvetaking av norsk vårgytende sild på strekningen Rogaland - Troms

GJENNOMFØRING

M/S "Inger Hildur" er eit ringnotfartøy på 55 meter frå Fræna i Møre og Romsdal. Same reiar og delvis same mannskapet har vore brukt til sildemerking i til saman 13 år, og det er 6. året med noverande fartøy. Leiteinstrumenta ombord er ein Simrad SR-240-sonar, ein Furuno CSH-70-sonar (høgfrequens) og eit Simrad EQ-50 fargeekkolodd (lav- og høgfrequens). For dette toktet var fartøyet utstyrt med ei loddenot på 250 x 55 favnar. Merkeutstyret var det same som tidlegare (notposar, merkekar, håvar m.m.).

På same måten som ifjor vart ein 8 meter lang bom som var festa til rekka brukt til å halda nota utstrekt, slik at ho var open under håvinga (for ikkje å skada silda). Tidlegare vart lettboat (basboat) nytta til dette føremålet. Den hydrauliske dekkskranen av typen ABAS vart nytta til å håva silda ombord med. Dette opplegget virka fint.

SILDEMERKING

Det vart i alt merkt 31193 sild delt på 8 eksperiment. Nærare detaljar om eksperimenta er vist i Tabell 1, 2 og 3. Merkelokalitetane er vist i Figur 1. Figur 4 viser lengdefordelinga av den merkte silda frå kvar lokalitet (heiltrekt linje) og lengdefordelinga av prøvane som vart opparbeidde for å få biologiske data (stipla linje). Aldersfordelinga er også vist. Lengdefordelingane av I-gr sild frå Torgfjorden og Lauvøyfjorden (Fig 4 I og J) er og teke med i Figur 4. Figur 5 viser den totale lengde- aldersfordelinga av den merkte silda.

REGISTRERINGAR OG BIOLOGISKE PRØVAR

Lista - Statt

På sildetoktet med "Michael Sars" (20.2-18.3) vart det registrert mykje gytande sild så langt sør som til Siragrunnen. Også ved Egersund og på Ognabukta var det bra med

gytesild. Lenger nord vart det registrert tette forekomstar av gytesild vest av Karmøy og på Arsgrunnen (vestre Bokn). Dette var i perioden 15.-18.3. På bakgrunn av dette vart det bestemt å gå sørover for å sjå om det framleis var sild i området Sira - Karmøy. Det har vist seg tidlegare at silda er snar å forsvinna frå desse områda etter gyting, men i år var det betydeleg meir sild som gytt her sør. Merketoktet starta også forholdsvis kort tid etter at dei siste sildeobservasjonane var gjort. Været var for dårleg til å leita utanskjærs (vestleg liten-stiv kuling), så ein gjekk leia sørover frå Bergen til Haugesund. Også på nordtur var været for dårleg til å leita utanskjærs, så området mellom Fedje og Røvær vart difor ikkje undersøkt.

Figur 2 viser kursar og registreringar mellom Røvær og Siragrunnen. Det vart registrert ein liten stim vest av Svortinga (Åkrahavn), ein liten stim ved Arsgrunnen, ein liten stim på Falkeidflæet, eit par småstimar vest av Einarvarden og ein liten stim sør av Rott (sørvest av Tananger). Det var ikkje mogleg å få prøve av silda enten p.g.a. mykje garnblåser eller p.g.a. at silda stod for grunn.

Figur 3 viser kursane mellom Fedje og Vågsøy. Her vart det ikkje registrert sild, trass i gode leiteforhold. Det vart såleis heller ikkje i år merkt sild sør for Statt.

Møre - Trøndelag

Første merkeutsetjinga vart gjort ved Haugsholmen, og silda vart fiska i Vanylvsgapet den 7.4. Her vart det registrert fleire sildestimar V og SV av Skjeggene. Aldersfordelinga i prøven viser at det er 92-årsklassen som er mest talrik her (28%), men både 91-årsklassen (23%) og 90-årsklassen (19%) er godt representerte. 83-årsklassen utgjer 12% (Fig 4 A).

På Sildestøbotnen vart det om kvelden den 8.4 registrert fleire sildestimar, men i eit notkast her vart det ingen fangst. Mykje garnblåser i området umogleggjorde kasting etter at det var mørkt. Neste morgon vart det ikkje registrert sild i området. Det vart då leita lenger nordover, og fleire småstimar vart registrert på Harøyfjorden. To notkast vart gjort her, eitt utan fangst og i det andre vart fangsten 2 tonn småsei. Fleire småstimar som vart registrert lenger nord (Ø av Ona) viste seg og å vera småsei. Dette vart stadfesta ved å fiska med snøre i stimane.

Fleire ringnotbåtar registrerte mange sildestimar på Lauvneset (sørkant av Buagrunnen) 9.4, men det var ikkje forhold for håving av sild i dette området. På Nordmøre vart det leita i Talgsjøen og i Griphølen, og vidare vest av Veidholmen og i Ramsøyfjorden utan å registrera sild. Også i desse områda var det dårlege leiteforhold med SV stiv og sterk kuling. I eit notkast SØ av Tyrhaug fyr vart fangsten 5 tonn småsei. P.g.a. dårleg vær gjekk ein leia nordover til Buholmsråsa. Det vart leita på Grandevika og ved Kjeungskjeret for eventuelt å sjå om Trondheimsfjordsilda hadde sige ut her no (13.4), men det var ingen registrering.

Eit par djupe småstimar vart registrert SV av Gjeslingane fyr. Vikna-båten "Strømsnes" som me var i kontakt med, hadde registrert sild dei siste dagane på nordsida av Vikna (mellom Kvaløya og Sklinna). Den 15. og 16.4 vart det registrert

fleire sildestimar Ø av Kvaløya og i Kvaløysundet. 9597 sild delt på 2 utsetjingar vart merkt frå dette området. I prøvane herifrå er det 92-årsklassen (30%) og 91-årsklassen (24%) som dominerer, men både 90-årsklassen (14%), 89-årsklassen (10%) og 94-årsklassen (11%) er godt representerte (Fig 4 B og C).

På sørtur vart det leita ved Sklinna og mellom Sklinna og Kvaløya, vidare på vest- og sørsida av Vikna. I eit notkast 6,5 nmi SV av Sklinna fyr vart fangsten 1 tonn småsei.

På Linesfjorden (sør forbi Stokksund) var det rykte om sild. Det vart registrert mange småstimar høgt oppe i sjøen på Lauvøyfjorden (N av Lysøysund) den 1.5. I eit notkast her vart fangsten 3 tonn I-gr sild med middellengde 11,8 cm (Fig 4 J). Vidare vart det registrert mange stimar på leia sørover frå Lysøysund til Vallersund, sannsynlegvis same sorten.

Helgeland - Salten

På Helgeland vart det ialt merkt 18398 sild delt på 5 utsetjingar. I 4 av prøvane er 92-årsklassen mest talrik, varierende frå 24 til 38%. I samtlege prøvar herifrå er 89- og 90-årsklassen i tillegg til 91-årsklassen sterkt representerte (Fig 4 D,E,F,G og H). I den eine prøven frå Lovund og dei 2 prøvane frå Gåsvær er også 88-årsklassen godt representert. 83-årsklassen er også nokså talrik her, og utgjør 15 % i ein av prøvane frå Lovund og 13 % i ein av prøvane frå Gåsvær.

Totalt sett dominerer 92-årsklassen (27%) og 91-årsklassen (23%) i merkeutsetjingane i 1997. 90- og 89-årsklassen er også godt representerte med 13% kvar, og talet på 83-årsklassen utgjør 7% av merkeutsetjingane (Tab 2 og Fig 5).

Bortsett frå i områda aust av Lovund, aust av Selværet (Træna) og Gåsværfjorden, vart det ikkje registrert nemneverdig med sild på Helgeland. Det dårlege været gjorde nok og sitt til at det ikkje vart registrert meir sild, p.g.a. at fleire område lengst ute på Helgelandskysten der det vanlegvis brukar å stå sild på denne tida, ikkje vart undersøkt. Det vart leita så langt nord som til Nord-Arnøy i Salten. Området frå Støtt og nordover til Arnøya har tidlegare vist seg å vera eit sikkert sildeområde på denne tida, men det vart ikkje registrert sild her i år. Det var svært lave sjøtemperaturar i dette området (i underkant av 2,5 grader C i 5 meters djup).

På fjordatoktet 1996 vart det registrert mykje sild i Eidsfjorden og Hadsselfjorden. Dette var blanding av fyrstegongsgytarar og feitsild. Ein hadde tenkt å gå nord til Vesterålen, men fiskarar som dreiv med garn i området kunne fortelja at all silda hadde trekt ut. Båtar hadde observert sild 10 nmi V av Andenes, men slik værforholda var, var det nyttelaust å tenkja på noko merking til havs.

På Torgfjorden og Tjøttafjorden vart det registrert mange småstimar, og prøven frå eit notkast SØ av Helbergøy, Torgfjorden viste 77% I-gr sild med middellengde 11,4 cm og 23% brisling med middellengde 12,7 cm (Fig 4 I).

Det vart berre observert 2 soppinfiserte sild (*Ichthyophonus hoferi*) i prøvane.

Dersom "sørafelta" (Karmøy - Siragrunnen) skal prioriterast til neste år, må toktet starta tidlegare, seinast i midten av mars. Ellers er inntrykket etter årets tokt at langt mindre sild stod att på kysten etter gyting, enn det som har vore vanleg dei siste åra. Det er og ei litt anna aldersfordeling i merkeutsetjingane enn i prøvane frå gytefeltet i vinter.

Bergen, 10. juli 1997
Jostein Røttingen

EKSP.	DATO	MERKELOKALITET	FANGSTSTAD	ANTALL
182	7.4 - 8.4	Haugsholmen, Sunnmøre	1,3 nmi SV av Skjeggene (N62°15,2' Ø05°17,6')	3198
183	15.4 - 16.4	Lamholmen (Vikna), Nord-Trøndelag	0,8 nmi Ø av Olsøyhl., Kvaløya (N65°00' Ø11°11')	4797
184	16.4 - 17.4	Lamholmen (Vikna), Nord-Trøndelag	S av Kvaløya (Kvaløysundet) (N64°59,5' Ø11°06,8')	4800
185	19.4	Løvund, Helgeland	0,6 nmi SO av Nausthl., Løvund (N66°21,6' Ø12°24,2')	2399
186	23.4	Løvund, Helgeland	0,6 nmi N-NO av Ottervær lykt (N66°22,8' Ø12°27')	4000
187	24.4	Dørvær (Træna), Helgeland	1,6 nmi Ø av Selvær (N66°35,1' Ø12°19')	3999
188	25.4 - 26.4	Åkvikbukt (Dønna), Helgeland	0,4 nmi Ø av Lynghl., Gåsvær (N66°02,4' Ø12°03,9')	4000
189	28.4	Gåsvær, Helgeland	0,4 nmi S av Sandskjeret, Gåsvær (N66°01,9' Ø12°01,2')	4000

Tabell 1. Merking norsk vårgytende sild 1997.
Detaljar om merkelokalitet og fangststad.

1997			ANTALL MERKTE SILD														
Eksp. nr.	LOKALITET	POSISJON	ÅRSKLASSE														
			1983	1984	1985	1986	1987	1988	1989	1990	1991	1992	1993	1994	1995	SUM	
182	Haugsholmen, Sunnmøre	N 62°10,3' Ø 05°24,2'	501		114				237	231	621	634	739	120	1		3198
183	Lamholmen (Vikna), Nord-Trøndelag	N 64°54,1' Ø 11°18,2'	51		49	7			227	462	710	1426	1433	65	365	2	4797
184	Lamholmen (Vikna), Nord-Trøndelag	N 64°54,1' Ø 11°18,2'	53		49	8			211	398	597	1215	1509	130	618	12	4800
185	Lovund, Helgeland	N 66°22,0' Ø 12°22,3'	334		63		25		200	461	285	422	458	76	70	5	2399
186	Lovund, Helgeland	N 66°22,0' Ø 12°22,3'	403		81		32		283	643	434	777	1020	168	153	6	4000
187	Dørvær (Træna), Helgeland	N 66°31,9' Ø 12°13,3'	134		40		16		202	510	411	919	1327	213	211	16	3999
188	Åkvikbukta (Dønna), Helgeland	N 66°02,0' Ø 12°19,2'	563		110		43		371	870	560	793	592	51	46	1	4000
189	Gåsvær, Helgeland	N 66° 02,8' Ø 12°02,6'	227		49		19		209	528	439	943	1275	153	154	4	4000
TOTAL			2266	0	555	15	135	1940	4103	4057	7129	8353	976	1618	46		31193
PROSENT			7.3	0.0	1.8	0.0	0.4	6.2	13.2	13.0	22.9	26.8	3.1	5.2	0.1		100.0


Tabell 2. Norsk vårgytende sild 1997. Merkeutsetjingar delt på årsklassar.

Norwegian spring spawning herring/Norsk vårgytende sild


Tagging list/Merkeliste 1997

Tag no. Serie merkt	Date Dato	Reisk.	Position Posisjon		Exp. no. Eksp.	Utsl.	Number Antall	Locality/Stad
			NB.	ØL.				
N 818801-822000	7.4	81	62°10,3'	05°24,2'	182	1	3198	Haugsholmen, Sunnmøre
N 822001-826800	15.4	81	64°54,1'	11°18,2'	183	1	4797	Lamholmen (Vikna), Nord-Trøndelag
N 826801-831600	16.4	81	64°54,1'	11°18,2'	184	1	4800	Lamholmen (Vikna), Nord-Trøndelag
N 831601-834000	19.4	81	66°22,0'	12°22,3'	185	1	2399	Lovund, Helgeland
N 834001-838000	23.4	81	66°22,0'	12°22,3'	186	1	4000	Lovund, Helgeland
N 838001-842000	24.4	81	66°31,9'	12°13,3'	187	1	3999	Dørvær (Træna), Helgeland
N 842001-843000	25.4	81	66°02,0'	12°19,2'	188	1	1000	Åkvikbukt (Dønna), Helgeland
N 844001-845000	25.4	81	66°02,0'	12°19,2'	188	1	1000	Åkvikbukt (Dønna), Helgeland
N 843001-844000	26.4	81	66°02,0'	12°19,2'	188	2	1000	Åkvikbukt (Dønna), Helgeland
N 845001-846000	26.4	81	66°02,0'	12°19,2'	188	2	1000	Åkvikbukt (Dønna), Helgeland
N 846001-850000	28.4	81	66°02,8'	12°02,6'	189	1	4000	Gåsvær, Helgeland
SUM							31193	


Tabell 3. Norsk vårgytende sild. Merkeliste 1997.




Figur 1. Norsk vårgytende sild. Merkelokaliteter april 1997.



Figur 2. Kursar og registreringar mellom Røvær og Siragrunnen med M/S "Inger Hildur" 3.4 - 5.4 1997. Registrering er vist med sirkel.




Figur 3. Kursar mellom Fedje og Vågsøy med M/S "Inger Hildur" 6.4 1997.




Figur 4. Lengde- og aldersfordeling av norsk vårgytende sild, april/mai 1997. Lengdefordelinga av den merkte silda (heiltrekt linje), og frå den biologiske prøven (stipla linje). Her er og vist lengdefordelingane av I-gr sild frå Torgfjorden og Lauvøyfjorden.


G. Akvikbukta (Dønna)
Eksp. 188




H. Gåsvær
Eksp. 189




I. Torgfjorden, Helgeland



J. Lauvøyfjorden, Sør-Trøndelag



Figur 4. (forts.)



Figur 5. Total lengde- aldersfordeling av merkt norsk vårgytende sild april 1997.